

Rapport om målbruk i offentlig teneste 2020

Innhold

Om rapporten.....	3
Resultat frå departementa og dei underliggjande organa	4
Metode	4
Resultat og tendensar	4
Statsministerens kontor	6
Arbeids- og sosialdepartementet.....	7
Barne- og familiedepartementet	8
Finansdepartementet.....	8
Forsvarsdepartementet	9
Helse- og omsorgsdepartementet	10
Justis- og beredskapsdepartementet.....	11
Klima- og miljødepartementet	12
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	13
Kulturdepartementet	14
Kunnskapsdepartementet.....	15
Landbruks- og matdepartementet.....	17
Nærings- og fiskeridepartementet.....	18
Olje- og energidepartementet	19
Samferdselsdepartementet	19
Utanriksdepartementet	20
Førespurnader om moglege brot på mållova.....	21
Oppsummering.....	22

Om rapporten

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gjev rettleiing i saker som gjeld *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Sentrale statsorgan pliktar etter denne lova å veksle mellom bokmål og nynorsk i allment informasjonstilfang slik at ingen av målformene er representerte med mindre enn 25 prosent. Vekslingskravet er slått fast i paragraf 8 i mållova og paragraf 6 i *forskrift om målbruk i offentleg teneste*. Vidare krev lova at alle skjema skal liggje føre og vere tilgjengelege på begge dei to norske skriftspråka.

Saman med språkbanken ved Nasjonalbiblioteket har Språkrådet laga eit nytt verktøy som skal gjere det enklare for departementa og dei sentrale statsorgana å rapportere om målbruken i verksemdene. Det digitale verktøyet har fått namnet Målfrid. Språkbanken brukte Målfrid til å hauste inn og analysere alt teksttilfang på statlege .no-domene i desember 2020. Nettekstane er analyserte både på dokumentnivå og på avsnittsnivå.

I tillegg rapporterte statsorgana sjølve om målbruken i sosiale medium og i skjema / digitale sjølvbeteningsløysingar, som Målfrid ikkje haustar inn automatisk. Fristen for eigenrapporteringa var 31. januar 2021. For første gong brukte vi i år eit enkelt Questback-skjema for denne delen av rapporteringa.

Målfrid hausta òg inn stortingsdokumenta til departementa, som er publiserte på regjeringa.no. Anna teksttilfang frå nettstaden vart ikkje hausta inn denne første gongen, men departementa vart bedne om å rapportere inn tal for målbruken sin i andre typar korte og lengre tekstar, i sosiale medium og i skjema / digitale sjølvbeteningsløysingar. Også for departementa var fristen 31. januar 2021, og også her brukte vi Questback som verktøy.

Sidan det i år er første gongen vi haustar inn og analyserer teksttilfanget til departementa og dei sentrale statsorgana automatisk og via Questback, samanliknar vi ikkje tala frå 2020 med tala frå tidlegare år. Ei samanlikning av tala frå rapporteringsåret med tala frå tidlegare år vil vi først kunne gjere frå neste år. Denne rapporten gjev såleis eit overordna oversyn over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i staten i 2020, men utan å innehalde samanliknande statistikk.

Rapporten er bygd på svara frå 148 statsorgan og 16 departement. Statsministerens kontor er inkludert. Med Målfrid og Questback-rapporteringa får vi samla tal frå langt fleire statsorgan enn med den gamle rapporteringsløysinga. Til samanlikning omfatta rapporten for 2019 tal frå 118 statsorgan, i tillegg til departementa.

Resultat frå departementa og dei underliggjande organa

Metode

Datagrunnlaget for Målfrids analyse av stortingsmeldingar og -proposisjonar er henta gjennom regjeringas API (data.regjeringen.no). Alle stortingsdokumenta frå 2020 er lasta ned i XHTML-format og tolka i programmeringsspråket Python. Alle avsnitt (p-element) er henta ut og analyserte med algoritmen TextCat (<https://www.let.rug.nl/vannoord/TextCat/>) i implementeringa Pytextcat frå Giellatekno og med språkmodellar frå same stad (<https://giellalt.uit.no/ling/langrec.html>). Metoden er svært godt etablert og gjer det mogleg å finne talet på ord som er klassifiserte som bokmål og nynorsk, for kvart departement. Andre språk er utelatne frå oppteljinga.

På same vis som for stortingsdokumenta til departementa hausta Målfrid inn alle statlege .no-domene i desember 2020. Språkbanken har vidare analysert all tekst på både avsnitts- og dokumentnivå. Nettsidene vart hausta inn inntil tolv nivå ned, og alt som statsorgana har liggjande på nettsidene sine, er såleis med i analysen, både nytt og gammalt stoff. Målfrid skil mellom tekstar i Word-, pdf- og html-format. Analysen gjev oss meir nøyaktige tal for målbruken på nett enn tidlegare og vil på sikt vere eit solid grunnlag for å sjå på utviklinga frå år til år. Dette første året er ein nullpunktsanalyse.

Resultat og tendensar

Tabellen under viser nynorskprosenten hjå dei 16 departementa, inkludert Statsministerens kontor:

	<i>Nynorsk i korte og lengre tekstar</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema i begge målformene</i>	<i>Nynorsk i proposisjonar utan vedlegg</i>	<i>Nynorsk i proposisjonar med vedlegg</i>	<i>Nynorsk i meldingar utan vedlegg</i>	<i>Nynorsk i meldingar med vedlegg</i>
<i>Statsministerens kontor</i>	45,0 %	24,1 %	20,7 %	33,3 %	–	–	22,3 %	22,3 %
<i>Arbeids- og sosialdepartementet</i>	3,4 %	9,2 %	9,4 %	–	6,0 %	11,9 %	31,3 %	28,8 %
<i>Barne- og familiedepartementet</i>	21,2 %	21,2 %	68,8 %	79,3 %	49,6 %	49,6 %	0 %	0 %
<i>Finansdepartementet</i>	–	–	–	–	12,9 %	12,0 %	4,9 %	6,0 %
<i>Forsvarsdepartementet</i>	4,6 %	6,0 %	4,5 %	–	8 %	7,6 %	0,6 %	0,6 %
<i>Helse- og omsorgsdepartementet</i>	7,1 %	9,1 %	3,4 %	0 %	0,4 %	0,4 %	0,5 %	0,5 %
<i>Justis- og beredskapsdepartementet</i>	8,9 %	4,4 %	–	22,6 %	14,2 %	12,5 %	0,2 %	0,2 %
<i>Klima- og miljødepartementet</i>	52,8 %	14,8 %	32,8 %	–	69,7 %	69,7 %	0,3 %	0,4 %
<i>Kommunal- og moderniseringsdepartementet</i>	8,3 %	26,2 %	31,7 %	–	12,7 %	13,1 %	0,3 %	0,3 %
<i>Kulturdepartementet</i>	20,5 %	20,7 %	15,8 %	–	29,3 %	29,3 %	–	–
<i>Kunnskapsdepartementet</i>	12,1 %	24,8 %	10,2 %	–	28,8 %	28,6 %	0,4 %	0,4 %
<i>Landbruks- og matdepartementet</i>	7,7 %	14,3 %	14,3 %	–	78,5 %	73,0 %	–	–
<i>Nærings- og fiskeri- departementet</i>	3,1 %	0 %	8,3 %	–	16,7 %	15,9 %	58,4 %	58,0 %

	<i>Nynorsk i korte og lengre tekstar</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema i begge målformene</i>	<i>Nynorsk i proposisjonar utan vedlegg</i>	<i>Nynorsk i proposisjonar med vedlegg</i>	<i>Nynorsk i meldingar utan vedlegg</i>	<i>Nynorsk i meldingar med vedlegg</i>
<i>Olje- og energi-departementet</i>	9,8 %	0 %	6,1 %	–	29,7 %	36,2 %	49,6 %	41,5 %
<i>Samferdsels-departementet</i>	21,7 %	10,8 %	13,4 %	–	19,7 %	14,4 %	1,0 %	1,0 %
<i>Utanriks-departementet</i>	–	–	–	–	3,1 %	3,1 %	0,5 %	0,5 %

Sidan vi dette året ikkje samanliknar tal, har vi valt å sjå etter sektorspesifikke tendensar for målbruken i staten. I det vidare presenterer vi kort i kva grad kvart departement oppfyller krava som mållova stiller, og oppsummerer den overordna stoda for kvar sektor (departement med underliggjande etatar).

Tala for nynorskbruken på nettsidene til dei sentrale statsorgana, som er samanfatta i tabellane under, viser både dei samla resultata (Word, pdf og html) for hovudnettstaden til kvart statsorgan og tala for tekstar berre i html-format, som gjerne speglar nettsiderøynda betre enn dei samanlagde tala. Somme statsorgan eig og administrerer fleire nettdomene, men analysen i oversikta her baserer seg på tala for hovudnettstaden til kvar verksemd.

Teiknforklaring til tabellane:

- manglar tal, fordi verksemda ikkje har slikt tilfang eller ikkje har rapportert om det
- *) manglar tal, grunna tekniske feil i innhaustinga eller eigenrapporteringa
- **) parallelle nettsider, med valfrie bokmåls- og nynorskversjon

Statsministerens kontor

Gjennom tilsynsdialogen veit vi at Statsministerens kontor har godt forankra rutinar og såleis òg vekslar godt mellom målformene. Berre eitt organ soknar til Statsministerens kontor,

nemleg Regjeringsadvokaten, som også viser jamt god målveksling. Tala i tabellen her speglar ikkje denne røynda like godt, sidan mykje av det innhausta teksttilfanget til Regjeringsadvokaten ikkje er underlagt krava i mållova. Språkrådet vil justere måleverktøyet for å få meir nøyaktige resultat ved neste innhausting.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Regjeringsadvokaten</i>	2,1 %	16,3 %	–	–	–

Arbeids- og sosialdepartementet

Det er svært lite nynorsk i teksttilfanget til Arbeids- og sosialdepartementet. Vi ser same tendens i dei ni underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020. Statens pensjonskasse skil seg positivt ut med god målveksling i sosiale medium. Frå tidlegare tilsynsdialog veit vi at Statens pensjonskasse jobbar godt med språket i dei tenestene som er mest brukte av publikum. Språksatsinga i verksemda har såleis gjeve gode tal i målbruksrapporteringa gjennom fleire år. Ingen av verksemdene i sektoren oppfyller krava i mållova i alle tekstkategoriar.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Arbeids- og velferdsdirektoratet (Nav)</i>	7,4 %	6,4 %	27,2 %	6,0 %	85,7 %
<i>Arbeidsretten **)</i>	2,2 %	0 %	–	–	–
<i>Arbeidstilsynet</i>	4,5 %	4,3 %	24,4 %	6,0 %	54,5 %
<i>Pensjonstrygda for sjømenn</i>	0,9 %	0,8 %	–	–	16,7 %
<i>Petroleumstilsynet</i>	4,1 %	6,4 %	3,2 %	2,0 %	50,0 %
<i>Riksmeklaran</i>	4,2 %	3,4 %	–	–	–

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)</i>	8,9 %	7,6 %	19,2 %	8,0 %	37,5 %
<i>Statens pensjonskasse</i>	12,2 %	14,3 %	34,9 %	–	80,0 %
<i>Trygderetten *)</i>	–	–	–	–	–

Barne- og familiedepartementet

Tilsynsdialogen syner at bruken av nynorsk ser ut til å vere aukande i Barne- og familiedepartementet. I fleire tekstkategoriar er departementet nær ved å oppfylle krava i mållova. Likevel er måloppnåinga samla sett relativt låg i dei fem underliggjande verksemdene som er med i rapporteringa for 2020. Barneombodet skil seg positivt ut og tek medvite omsyn til dei språklege rettane til publikum. Ingen av verksemdene i sektoren oppfyller krava i mållova i alle tekstkategoriar.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Barneombodet</i>	13,7 %	18,7 %	23,9 %	–	34,4 %
<i>Forbrukarrådet</i>	5,7 %	3,5 %	0 %	0 %	87,5 %
<i>Forbrukartilsynet</i>	6,1 %	5,9 %	10,4 %	10,0 %	50,0 %
<i>Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker **)</i>	*)	*)	0 %	–	36,4 %
<i>Opplysningsvesenets fond</i>	4,2 %	15,1 %	0 %	–	36,4 %

Finansdepartementet

Finansdepartementet har ikkje svart på Språkrådets bestilling og har såleis ikkje levert eigenrapportering for 2020. Tala frå Målfrid viser at nynorsken er svært lågt representert i teksttilfanget hjå departementet. Stoda er samla sett den same i dei sju underliggjande

verksemdene som er med i rapporteringa for 2020. Statens innkrevjingsentral skil seg positivt ut og vekslar godt mellom målformene. Ingen av dei andre verksemdene i sektoren oppfyller krava i mållova.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)</i>	5,7 %	2,2 %	2,9 %	1,0 %	44,4 %
<i>Finanstilsynet</i>	2,2 %	2,2 %	–	36,0 %	76,0 %
<i>Noregs Bank</i>	9,7 %	3,0 %	0 %	11,0 %	0 %
<i>Skatteetaten **)</i>	4,4 %	3,4 %	26,4 %	10,0 %	77,3 %
<i>Statens innkrevjingsentral **)</i>	39,7 %	49,9 %	–	–	–
<i>Statistisk sentralbyrå</i>	14,5 %	10,1 %	2,9 %	11,0 %	98,1 %
<i>Tolletaten</i>	3,8 %	9,6 %	10,3 %	48,0 %	81,6 %

Forsvarsdepartementet

Gjennom kontakt med Forsvarsdepartementet kjenner vi til at departementet har mange tilsette med høg språkkompetanse. Likevel er målvekslinga ujamn, og bruken av nynorsk er samanlagt for låg. Også i dei tre underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020, er bruken av nynorsk svært låg. Ingen av verksemdene i sektoren oppfyller krava i mållova.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Forsvaret</i>	9,5 %	17,7 %	5,6 %	13,0 %	4,4 %
<i>Forsvarets forskingsinstitutt</i>	2,3 %	2,4 %	1,0 %	0 %	0 %

<i>Forsvarsbygg</i>	7,1 %	5,4 %	12,0 %	–	0 %
---------------------	-------	-------	--------	---	-----

Helse- og omsorgsdepartementet

Departementet oppgjev i kommunikasjonen med Språkrådet at den store og uventa arbeidsbyrda som pandemien gav helsesektoren, har ført til raske og ubalanserte språklege prioriteringar. Somme av dei 13 underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020, har tekstkategoriar med nær null bruk av nynorsk. Mange nynorskkommunar har brukt store ressursar på å omsetje sentral informasjon om pandemien til nynorsk, så prioriteringane får store negative ringverknader. Gjennom tilsynsdialogen informerer Språkrådet om at eit godt og klart språk på begge dei norske målformene er ekstra viktig i krisesamanhengar, og understrekar at publikum har krav på å få oppfylt dei språklege rettane dei har, uansett ytre tilhøve. Norsk pasientskadeerstatning skil seg positivt ut med gode tal i somme kategoriar, men ingen av verksemdene i sektoren oppfyller krava i mållova.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Bioteknologirådet</i>	10,9 %	18,6 %	10,5 %	11,0 %	0 %
<i>Direktoratet for e-helse</i>	2,9 %	13,4 %	60,6 %	68,0 %	–
<i>Direktoratet for strålevern og atomtryggleik</i>	12,3 %	9,9 %	8,5 %	14,0 %	81,0 %
<i>Folkehelseinstituttet</i>	5,1 %	5,3 %	1,2 %	9,0 %	13,0 %
<i>Helfo</i>	11,4 %	28,2 %	–	–	64,1 %
<i>Helsedirektoratet</i>	3,2 %	0,8 %	0,7 %	0 %	–
<i>Helsenoreg.no</i>	8,4 %	6,8 %	29,8 %	–	6,6 %
<i>Nasjonalt klageorgan for helsetenesta</i>	4,4 %	5,0 %	–	29,0 %	100 %
<i>Norsk pasientskadeerstatning **)</i>	28,1 %	41,9 %	33,3 %	11,0 %	100 %
<i>Statens helsetilsyn</i>	12,9 %	14,2 %	16,8 %	14,0 %	0 %

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Statens legemiddelverk</i>	4,5 %	2,9 %	1,2 %	–	6,1 %
<i>Sjukehusinnkjøp SF</i>	2,9 %	3,0 %	0 %	–	–
<i>Vinmonopolet</i>	*)	*)	23,4 %	–	–

Justis- og beredskapsdepartementet

Rapporteringa viser svært låge tal for nynorskbruken i Justis- og beredskapsdepartementet. 19 underliggjande organ er med i rapporteringa for 2020. Også hjå desse er målvekslinga mangelfull. Noregs høgsterett skil seg positivt ut i sektoren med god måloppnåing. Dei parallelle nettsideversjonane til verksemda fungerer godt og vitnar om kompetanse og trygg forankring. Ingen av dei andre verksemdene i sektoren oppfyller krava i mållova.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)</i>	10,7 %	3,5 %	3,0 %	0 %	40,4 %
<i>Domstoladministrasjonen **)</i>	9,3 %	31,9 %	1,8 %	0 %	89,5 %
<i>Generaladvokatembetet</i>	1,5 %	0,9 %	–	–	–
<i>Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker **)</i>	1,7 %	3,9 %	–	0 %	100 %
<i>Kontoret for valdsoffererstatning</i>	2,6 %	2,8 %	0 %	–	100 %
<i>Kriminalomsorgs-direktoratet</i>	3,5 %	8,0 %	0 %	0 %	4,1 %
<i>Nasjonalt ID-senter</i>	5,0 %	7,6 %	4,5 %	3,0 %	50,0 %

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Nasjonalt tryggingorgan</i>	8,6 %	1,7 %	–	–	–
<i>Noregs høgsterett **)</i>	29,7 %	29,7 %	–	27,0 %	–
<i>Politidirektoratet med Kripas **)</i>	5,2 %	19,0 %	1,3 % + 0 %	0 % + 3,0 %	52,4 %
<i>Politihøgskolen **)</i>	6,7 %	4,7 %	20,3 %	2,0 %	–
<i>Politiets tryggingsteneste (PST)</i>	3,1 %	5,6 %	–	–	–
<i>Riksadvokaten</i>	0,7 %	1,9 %	–	8,0 %	–
<i>Sekretariatet for konfliktråda</i>	5,6 %	12,8 %	2,7 %	7,0 %	50,0 %
<i>Spesialeininga for politisaker</i>	1,6 %	0,6 %	–	–	–
<i>Statens sivilrettsforvaltning</i>	2,3 %	12,1 %	–	–	100 %
<i>Utlendingsdirektoratet (UDI) **)</i>	5,7 %	12,9 %	19,3 %	38,0 %	100 %
<i>Utlendingsnemnda (UNE)</i>	3,2 %	3,2 %	–	17,0 %	0 %
<i>Økokrim</i>	5,1 %	4,7 %	–	–	–

Klima- og miljødepartementet

Vi ser mykje god målbruk i teksttilfanget til Klima- og miljødepartementet, og resultatata frå Målfrid og eigenrapporteringa viser at det òg er mykje språkkompetanse i dei seks underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020. Riksantikvaren skil seg ekstra positivt ut med trygg kjennskap til både mållova og dei mange lokale målvedtaka i landet. Vi ser til dømes god målveksling i dei sosiale media som Riksantikvaren bruker. Vi finn òg mykje nynorsk på nettsidene til Meteorologisk institutt. Likevel er det ingen verksemder i sektoren som oppfyller krava i mållova i alle tekstkategoriar.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Artsdatabanken</i>	9,7 %	3,0 %	28,2 %	28,0 %	0 %
<i>Kulturminnefondet</i>	13,5 %	11,7 %	44,2 %	–	75,0 %
<i>Meteorologisk institutt</i>	38,7 %	20,9 %	9,6 %	9,0 %	–
<i>Miljødirektoratet</i>	6,2 %	2,3 %	0 %	0 %	0 %
<i>Norsk polarinstitutt</i>	19,2 %	12,8 %	–	–	–
<i>Riksantikvaren</i>	12,0 %	8,8 %	51,0 %	42,0 %	0 %

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet rapporterer om svært balansert målbruk i sosiale medium, men nynorskbruken er låg i andre typar tekstar, til dømes i stortingsdokumenta til departementet. Gjennom tilsynsdialogen kjenner Språkrådet til at mange av dei ti underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020, har godt forankra rutinar. Det gjev gode resultat i praksis. Distriktssenteret skil seg positivt ut og er svært nær ved å oppfylle krava som mållova stiller.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Datatilsynet</i>	3,5 %	5,5 %	–	6,0 %	0 %
<i>Digitaliseringsdirektoratet</i>	13,9 %	16,8 %	11,2 %	2,0 %	–
<i>Direktoratet for byggkvalitet</i>	4,1 %	6,6 %	–	–	–
<i>Distriktssenteret</i>	15,8 %	24,2 %	43,6 %	43,0 %	–
<i>Husbanken</i>	6,2 %	7,2 %	0 %	0 %	55,4 %
<i>Husleigetvistutvalet **)</i>	23,1 %	30,2 %	–	–	100 %

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Kartverket</i>	21,4 %	24,4 %	20,0 %	15,0 %	82,4 %
<i>Statsbygg</i>	7,6 %	8,0 %	33,0 %	0 %	–
<i>Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS)</i>	2,1 %	24,3 %	–	–	0 %
<i>Valdirektoratet **)</i>	50,9 %	13,5 %	0 %	–	16,7 %

Kulturdepartementet

Rapporteringa viser jamt over relativt gode tal for Kulturdepartementet, men utan at lovkrava fullt ut blir oppfylte. Fleire av dei 13 underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020, viser òg god målbruk i enkeltkategoriar, men sjeldan i alle. Vi ser derfor ikkje full måloppnåing nokon stad i sektoren. Lotteri- og stiftelsestilsynet skil seg likevel positivt ut og rapporterer om svært god målveksling år etter år.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Arkivverket</i>	15,0 %	16,4 %	8,2 %	8,0 %	–
<i>Diskrimineringsnemnda</i>	2,4 %	52,1 %	0 %	–	100 %
<i>Kulturrådet</i>	16,9 %	8,6 %	7,5 %	9,0 %	57,5 %
<i>Kulturtanken med Rikskonsertane og Den kulturelle skolesekken</i>	6,4 %	6,4 %	–	–	–
<i>Kunst i offentlege rom (KORO)</i>	16,8 %	19,1 %	27,8 %	–	83,3 %
<i>Likestillings- og diskrimineringsombodet</i>	3,4 %	1,6 %	0 %	–	100 %

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Lotteri- og stiftelsestilsynet</i>	30,7 %	52,5 %	49,5 %	45,0 %	46,0 %
<i>Medietilsynet</i>	15,0 %	16,3 %	34,6 %	24,0 %	100 %
<i>Nasjonalbiblioteket</i>	45,7 %	17,1 %	28,3 %	32,0 %	0 %
<i>Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design</i>	14,6 %	3,4 %	12,6 %	14,0 %	0 %
<i>Norsk filminstitutt</i>	24,7 %	3,7 %	3,6 %	6,0 %	0 %
<i>Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek</i>	6,1 %	5,3 %	2,2 %	–	57,1 %
<i>Riksteatret</i>	14,1 %	8,1 %	–	–	–

Kunnskapsdepartementet

Rapporteringa viser svært låge tal for nynorskbruken i Kunnskapsdepartementet. I kategorien for sosiale medium oppfyller departementet lovkrava, men ligg langt unna kravet om minst 25 prosent av kvar målform elles. 32 underliggjande organ er med i rapporteringa for 2020. Tala viser at bruken av nynorsk jamt over er for låg. Svært mange menneske er i kontakt med verksemdene i denne sektoren, gjennom til dømes utdanning og skole. Dårlig måloppnåing vil såleis ha store konsekvensar for mange. Av dei statlege høgskolane er det berre Høgskulen i Volda og Høgskulen på Vestlandet som oppfyller mållovskrava for teksttilfang som er publisert på nett. Gjennom tilsynsdialogen veit vi at mange ikkje har gode nok rutinar for å arbeide systematisk med språk. Fleire verksemdar strever dessutan med for dårleg leiarforankring og manglar ressursar til å setje planar om til røynd. Vi ser likevel mykje godt språkarbeid hjå enkelte, og Kunsthøgskolen i Oslo skil seg positivt ut, saman med Lånekassen og Utdanningsdirektoratet, som kjenner regelverket godt og stadig arbeider for betre språkleg jamstilling. Lånekassen er den einaste verksemda i sektoren som oppfyller lovkrava i alle kategoriar.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målfornene</i>
<i>Arkitektur- og designhøgskolen (AHO)</i>	4,7 %	2,9 %	1,3 %	0 %	4,8 %
<i>Dei nasjonale forskingsetiske komiteane</i>	4,6 %	3,8 %	8,3 %	12,0 %	0 %
<i>Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit)</i>	2,9 %	5,8 %	18,9 %	20,0 %	100 %
<i>Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku)</i>	6,0 %	6,7 %	24,8 %	32,0 %	97,3 %
<i>Foreldreutvalet for barnehagar + Foreldreutvalet for grunnopplæringa</i>	8,9 % + 11,5 %	8,9 % + 8,9 %	6,3 % + 10,3 %	13,0 % + 10,0 %	–
<i>Høgskolen i Innlandet</i>	2,7 %	0,5 %	0,4 %	0 %	21,2 %
<i>Høgskolen i Molde</i>	7,9 %	5,3 %	1,2 %	2,0 %	62,5 %
<i>Høgskolen i Østfold</i>	6,7 %	5,6 %	0 %	0 %	0 %
<i>Høgskulen i Volda</i>	46,6 %	56,9 %	83,5 %	81,0 %	4,5 %
<i>Høgskulen på Vestlandet</i>	47,4 %	45,3 %	83,7 %	60,0 %	83,3 %
<i>Integrerings- og mangfaldsdirektoratet</i>	3,7 %	8,2 %	0 %	0 %	44,1 %
<i>Kompetanse Noreg</i>	8,1 %	10,1 %	14,7 %	5,0 %	27,3 %
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i>	13,8 %	16,9 %	35,1 %	–	100 %
<i>Lånekassen **)</i>	21,1 %	48,9 %	31,6 %	41,0 %	100 %
<i>Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)</i>	4,1 %	10,9 %	4,5 %	5,0 %	50,0 %
<i>Nord universitet</i>	4,2 %	3,2 %	5,9 %	2,0 %	–

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Noregs forskingsråd</i>	2,9 %	1,8 %	1,9 %	1,0 %	100 %
<i>Noregs grønne fagskole – Veia</i>	2,6 %	0,7 %	–	–	0 %
<i>Noregs handelshøgskole</i>	11,6 %	10,6 %	27,8 %	27,0 %	47,8 %
<i>Noregs idrettshøgskole</i>	6,8 %	7,7 %	34,0 %	43,0 %	100 %
<i>Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU)</i>	8,1 %	5,0 %	2,9 %	0 %	20,4 %
<i>Noregs musikkhøgskole</i>	6,9 %	6,9 %	6,1 %	–	41,7 %
<i>Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)</i>	9,1 %	3,9 %	2,0 %	3,0 %	17,6 %
<i>Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)</i>	13,3 %	12,2 %	11,4 %	13,0 %	–
<i>Oslomet</i>	6,7 %	6,0 %	20,0 %	10,0 %	83,3 %
<i>Universitetet i Agder</i>	7,7 %	8,5 %	11,4 %	14,0 %	2,9 %
<i>Universitetet i Bergen</i>	16,3 %	20,3 %	10,3 %	7,0 %	92,9 %
<i>Universitetet i Oslo</i>	11,6 %	11,8 %	23,5 %	7,0 %	35,8 %
<i>Universitetet i Stavanger</i>	12,6 %	14,7 %	34,7 %	39,0 %	0 %
<i>Universitetet i Sørøst-Noreg</i>	6,0 %	7,0 %	4,7 %	1,0 %	0 %
<i>Universitetet i Tromsø</i>	6,6 %	6,5 %	9,7 %	18,0 %	100 %
<i>Utdanningsdirektoratet</i>	11,5 %	17,4 %	30,0 %	35,0 %	100 %

Landbruks- og matdepartementet

Målvekslinga er god i stortingsdokumenta til Landbruks- og matdepartementet, men bruken av nynorsk er for låg i andre tekstkategoriar. Rapporteringa viser også lite nynorsk hjå dei fire underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020. Norsk institutt for bioøkonomi

(NIBIO) skil seg ut med svært god nynorskbruk i sosiale medium, med heller ikkje dette organet oppfyller krava i mållova i dei andre tekstkategoriane.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Landbruksdirektoratet</i>	9,3 5	13,3 %	–	–	–
<i>Mattilsynet</i>	9,8 %	3,9 %	4,9 %	0 %	2,6 %
<i>Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)</i>	13,1 %	14,6 %	–	48,0 %	–
<i>Veterinærinstituttet</i>	8,2 %	11,8 %	0,3 %	0 %	0 %

Nærings- og fiskeridepartementet

I stortingsdokumenta vekslar Nærings- og fiskeridepartementet godt mellom målformene, men rapporteringa viser at bruken av nynorsk er svært låg i alle andre tekstkategoriar. Det er gjennomgåande svært låg måloppnåing hjå dei 13 underliggjande organa som er med i rapporteringa for 2020. Havforskningsinstituttet skil seg likevel positivt ut med god målveksling i sosiale medium. Patentstyret er nær ved å oppfylle lovkrava i alle kategoriar.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Brønnøysundregistra (**)</i>	12,3 %	34,3 %	0 %	0 %	69,2 %
<i>Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard</i>	15,0 %	10,9 %	–	–	0 %
<i>Fiskeridirektoratet</i>	8,9 %	5,3 %	33,3 %	26,0 %	93,3 %
<i>Garantiinstituttet for eksportkreditt</i>	2,4 %	1,1 %	0 %	0 %	0 %
<i>Havforskningsinstituttet</i>	12,5 %	13,4 %	26,2 %	25,0 %	–

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Justervesenet</i>	4,2 %	13,0 %	–	0 %	0 %
<i>Klagenemndsekretariatet</i>	3,9 %	0 %	–	–	100 %
<i>Konkurransetilsynet</i>	*)	*)	14,3 %	19,0 %	100 %
<i>Noregs geologiske undersøking (NGU)</i>	8,4 %	3,8 %	16,9 %	9,0 %	100 %
<i>Norsk akkreditering</i>	5,0 %	12,3 %	–	–	–
<i>Norsk romsenter</i>	1,7 %	1,7 %	–	–	–
<i>Patentstyret **)</i>	26,1 %	24,6 %	27,1 %	34,0 %	78,3 %
<i>Sjøfartsdirektoratet</i>	7,5 %	3,9 %	32,3 %	80,0 %	42,6 %

Olje- og energidepartementet

Tala til Olje- og energidepartementet viser at målvekslinga er rett god i stortingsdokumenta til departementet, men det er lite nynorsk i andre typar tekstar. Berre to underliggjande organ er med i rapporteringa for 2020. Dei syner nokså god veksling, men ingen av dei oppfyller krava i mållova.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge skriftspråka</i>
<i>Oljedirektoratet</i>	10,5 %	15,9 %	0 %	0 %	60,0 %
<i>Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)</i>	13,9 %	14,6 %	1,5 %	50,0 %	28,0 %

Samferdselsdepartementet

Språkrådet erfarer gjennom både tilsynsdialogen og annan kontakt at

Samferdselsdepartementet manglar solide rutinar for språkarbeid. Nynorsken blir såleis for lite brukt samla sett. Det er òg tilsvarende lite nynorsk å finne hjå dei ti underliggjande organa

som er med i rapporteringa for 2020. Kystverket skil seg positivt ut og er nær ved å oppfylle lovkrava både på nett og i sosiale medium, og Statens vegvesen syner òg nokså god målveksling, men ingen verksemder i sektoren oppfyller krava i mållova i alle tekstkategoriar.

<i>Statsorgan</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)</i>	<i>Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)</i>	<i>Nynorsk på Facebook</i>	<i>Nynorsk på Twitter</i>	<i>Skjema på begge målformene</i>
<i>Bane NOR</i>	8,7 %	6,9 %	0,9 %	1,0 %	33,3 %
<i>Jernbanedirektoratet</i>	4,7 %	12,5 %	–	–	–
<i>Kystverket</i>	21,4 %	24,4 %	36,9 %	37,0 %	33,3 %
<i>Luftfartstilsynet</i>	10,3 %	3,9 %	–	–	–
<i>Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)</i>	8,6 %	6,8 %	4,3 %	3,0 %	34,1 %
<i>Senter for oljevern og marint miljø</i>	7,4 %	7,4 %	5,4 %	–	–
<i>Statens havarikommisjon for transport</i>	3,7 %	5,3 %	–	–	100 %
<i>Statens jernbanetilsyn</i>	2,9 %	9,3 %	0 %	–	100 %
<i>Statens vegvesen **)</i>	20,1 %	23,6 %	0 %	5,0 %	59,2 %
<i>Vegtilsynet</i>	*)	*)	*)	*)	*)

Utanriksdepartementet


Utanriksdepartementet har ikkje svart på Språkrådets bestilling og har såleis ikkje levert eigenrapportering for 2020. Tala frå Målfrid viser at departementet nesten utelukkande bruker bokmål i stortingsdokumenta sine. Berre to organ i rapporteringa for 2020 soknar til Utanriksdepartementet. Av desse rapporterer Norsk senter for utvekslingssamarbeid / Norec om svært høge nynorsktal. Hjø Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) ser vi motsett resultat og tilsvarande lite nynorsk.

Statsorgan	Nynorsk på hovudnettstaden (samla tal for Word, pdf og html)	Nynorsk på hovudnettstaden (berre html)	Nynorsk på Facebook	Nynorsk på Twitter	Skjema på begge målformene
Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad)	5,0 %	1,2 %	3,4 %	–	0 %
Norsk senter for utvekslingssamarbeid / Norec	75,1 %	75,0 %	96,4 %	91,0 %	–

Førespurnader om moglege brot på mållova

Språkrådet fekk i alt 74 førespurnader om brot på mållova i 2020. Av desse gjaldt 39 eksamen i feil målform. Til samanlikning fekk vi 87 førespurnader i 2019. 32 av desse kom etter eksamensavviklinga ved universitet og høgskolar.

Vi har grunn til å tru at dei aller fleste brot på mållova ikkje blir rapporterte eller klaga på. Talet på saker varierer rett mykje frå år til år. Vi trur likevel ikkje det reelle talet på brot varierer i like stor grad; det er snarare talet på klagarar som varierer.



Oppsummering

Sidan alle tala for målbruken i staten i 2020 er samla inn med nye metodar, samanliknar vi ikkje resultatane frå dette rapporteringsåret med tala frå tidlegare år. Språkrådet ser likevel at det er ein tydeleg samanheng mellom målbruken i overordna departement og målbruken i dei underliggjande verksemdene. Både tilsynsdialogen og tala syner at god målbruk i overordna departement ofte gjev tilsvarende gode resultat i dei underliggjande statsorgana. God leiarforankring og solide og føreseielege rutinar for språkarbeidet i kvar verksemd er avgjerande for å oppfylle lovkrava.

Tala for den statlege målbruken i 2020 viser at svært få oppfyller krava som mållova stiller. To av departementa har ikkje svart på bestillinga frå Språkrådet og har såleis ikkje levert eigenrapportering. Av dei som svarte på eigenrapporteringa, har fleire levert ufullstendige svar. Berre 4 av 16 departement har til dømes sendt Språkrådet tal for målbruken i skjema. Somme har rett nok ikkje slikt tilfang, men blant dei som har, ser vi gjennomgåande låg måloppnåing; faktisk oppfyller ingen av departementa krava i denne kategorien.

Språkrådet ser alvorleg på den manglande viljen til å oppfylle mållovskrava i heile statsapparatet. Blant dei sentrale statsorgana er det berre eit fåtal som oppfyller minstekravet på 25 prosent av kvar målform i ulike teksttypar og i sosiale medium, eller som har alle skjema sine tilgjengelege på begge skriftspråka. Etterlevinga av mållova er ikkje avgrensa til enkeltplattformer, og alle verksemdar har ansvar for å ha både teknologiske løysingar og kompetanse som gjer det mogleg å oppfylle lovkrava.

2020 var eit spesielt år. Koronapandemien kravde at fleire statsorgan måtte produsere tekst raskt og utanom planlagt skjema. Ein må ha forståing for at slike uventa omprioriteringar i somme tilfelle har gått ut over bruken av nynorsk i staten. I tilbakemeldinga vår til statsorgana minner vi likevel om at klart og korrekt språk – både bokmål og nynorsk – er ekstra viktig i krisetider. Innbyggjarane i landet har krav på å få oppfylt dei språklege rettane sine uansett

ytre tilhøve. Det er i tillegg ein stor samfunnskostnad når nynorskkommunar må omsetje statleg informasjon frå bokmål til nynorsk for eiga rekning.

Stortinget behandla i april i år Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk*. Lova trer i kraft frå 1. januar 2022. Proposisjonen slår fast at «som eit minimum skal alle departement og relevante statlege verksemder ha planar og rutinar for korleis dei følgjer opp sentrale føresegner i språklova. Det kan til dømes gjelde føresegner om veksling mellom nynorsk og bokmål og oppfølging av arbeidet med klarspråk». Det er eit sjølvstendig mål i norsk språkpolitikk at alle som møter norsk språk, skal bli kjende med begge skriftspråka våre. Dei offentlege verksemdene har plikt til å bidra til at dette skjer.